



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Bergene Anlegg As
Etnedalsvegen 2296
2890 ETNEDAL

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
	SAGKAR - 26/3427	26/642	GBNR- 115/138, K2- M55	29.06.2026

Saksnr.	Utvalg
99/26	Kommunestyret

Vedtak om utsleppsløyve - gnr 115 bnr 138 - Djupedalslie 9

Tiltak: Avløpsanlegg
Byggested: Gbnr: 115/138 Djupedalslie 9
Tiltakshaver: Erik Waaler
Ansvarlig søker: Va - Prosjekt & Anlegg As

Vedtak

Etnedal kommune godkjenner etablering av avløpsanlegg og utslepp av sanitært avløpsvatn på gnr. 115, bnr. 138. Avløpsanlegget skal etablerast i tråd med *Forskrift om utslepp av avløpsvatn frå avløpsanlegg som ikkje overstig 50 pe, Etnedal kommune*.

Utsleppsløyvet gjeld frå vedtaksdato og er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5. Løyve til bygging av avløpsanlegget er gitt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 20.

Avløpsanlegget skal bestå av:

- Minirensanlegg dimensjonert for minimum 5 pe.
- Etterpolering i 12 meter infiltrasjonsgrøft med infiltrasjonsrøyr.

Vilkår for løyva

- Avløpsanlegget skal etablerast i samsvar med forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13 og innsend søknadsdokumentasjon.
- Anleggseigar er ansvarleg for forureining frå anlegget.
- Minirensanlegget skal registrerast i Valdres Kommunale Renovasjon sitt tømmesystem og tømmast etter gjeldande tømmerutinar.
- Tilkost for tømning må vere sikra, jf. krav til køyreveg, avstand og høgdeforskjell.

Besøksadresse:
Kyrkjevegen 10

Postadresse:
2890 Etnedal

Telefon:
61 12 13 00

Organisasjonsnummer:
933 038 173
E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no
www.etnedal.kommune.no

- Det skal vere gyldig serviceavtale med godkjend serviceleverandør. Kopi av signert serviceavtale skal leggjast ved ferdigmelding. Kontrollrapport frå service skal sendast kommunen årleg innan 15. februar.
- Ferdigmelding skal sendast inn før anlegget blir teke i bruk.
- Kommunen kan krevje tilkopling til offentleg vatn- og avløpsanlegg dersom dette blir etablert i området.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan tre år eller blir stansa i meir enn to år.

Som ansvarleg sækjar er VA Prosjekt & Anlegg AS, org.nr.: 915 965 512, ansvarleg for samordning av dei ulike oppgåvene knytt til tiltaket og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar.

Saksopplysninger

VA Prosjekt & Anlegg AS sækjer på vegner av tiltakshavar Erik Waaler om utsleppsløyve for etablering av nytt avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 115, bnr. 138, Djupedalslie 9. Eigedommen er ein del av vatn- og avløpsplan for Djupedalslie

Tiltakshavar ønskjer å leggje inn vatn og etablere vassklosett i hytta. Det er søkt om utslepp av svart- og gråvatn til minirenseanlegg med etterfølgjande infiltrasjon i stadlege massar.

Anlegget er dimensjonert for:

- 6 pe
- 600 liter avløpsvatn per døgn
- forventa renseeffekt på minimum 95 % reduksjon av fosfor og BOF₅.

Det er opplyst at det ikkje finst registrerte drikkevassbrønner innanfor påverknadsområdet.

VA Prosjekt & Anlegg AS, org.nr.: 915 965 512, erklærer ansvarsrett for SØK og PRO.
Bergene Anlegg As, org.nr.: 919 255 684, erklærer ansvarsrett for UTF.

Sækjar opplyser vidare at anlegget ikkje kjem i konflikt med andre interesser. Nabo har ingen innvendingar mot tiltaket.

Grunngjeving

Det er søkt om utsleppsløyve for etablering av nytt avløpsanlegg til fritidsbustad. Søknaden er vurdert etter forureiningsforskrifta kapittel 12, lokal forskrift, naturmangfaldlova §§ 8–12, vassforskrifta § 12, kulturminnelova og plan- og bygningslova. Det prosjekterte anlegget er ikkje i tråd med vatn- og avløpsplanen for Djupedalslia, men på grunn av endringane som er innført med ny forskrift for mindre avløpsanlegg er det krav om fullrensing av totalavløp lokalt. Minirenseanlegg kan derfor godkjennast i tråd med forskrifta.

Arealbruk og lokalisering

Eigedommen er allereie utbygd med fritidsbustad. Avløpsanlegget skal etablerast på eigen eigedom vest for hytta. DOK-analysen frå 23.06.2026 viser ikkje konflikt med registrerte

naturtyper, prioriterte artar, verneområde eller registrerte kulturminne. Eigedomen ligg innan eit kartlagt viktig friluftslivsområde, men etablering av avløpsanlegg ved eksisterande fritidsbustad blir ikkje vurdert å redusere friluftsverdiane i området i vesentleg grad.

Naturmangfald (nml. §§ 8–12)

Kommunen vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg. Det er ikkje registrert naturverdiar som blir vesentleg påverka av tiltaket. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier ikkje at tiltaket bør avslåast. Tiltaket er av avgrensa omfang og blir etablert med høg renseeffekt og etterpolering gjennom infiltrasjon.

Vassmiljø og kulturminne

DOK-analysen viser at det finst vassførekomst og verna vassdrag i nærleiken, men ikkje slik at tiltaket kjem i direkte konflikt med desse. Med minirensanlegg og etterpolering gjennom infiltrasjonsgrøft vurderer kommunen at utsleppet tilfredsstiller krava i lokal forskrift og ikkje vil medføre vesentleg risiko for vassmiljøet. Det er heller ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet.

Vegtilkomst og tømning

Kommunen legg til grunn at anlegget blir plassert slik at tømning kan gjennomførast. Tiltakshavar har ansvar for at:

- det er køyrbar veg fram til anlegget
- avstanden frå tankbil til anlegg ikkje overstig 15 meter
- høgdeforskjellen ikkje overstig 5 meter

Dette skal vere oppfylt ved ferdigmelding.

Gebyr

Tiltakshavar skal betale gebyr for handsaming av søknaden i samsvar med Etnedal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve der det er vatn- og avløpsplan er kr. 4500,-.

Høve til å klage

Vedtaket er fatta i medhald av delegasjonsreglementet og kan i medhald av forvaltningslova §§ 28–36 klagast på. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er gjort kjent. Klaga skal sendast skriftleg til Etnedal kommune.

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien
Rådgiver

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.